



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Instituttrådet

Dato  
28.04.2025

Referanse  
2025/5186

Tid: Torsdag 27.03.25, kl. 09.15 – 11.00

Stad: Sydneplassen 12/13, 1. etasje

Til: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Gunnar Karlsen, Julie Zahle, Hans Marius Hansteen, Tore Øgaard, Kirsten Bang, Vivian Steinsund, Ingrid Øverland, student NN

---

## Innkalling til instituttrådsmøte 08.05.25

### I Godkjenning av innkalling og sakliste

### II Orienteringssaker

- Fakultetsstyremøte 6. mai
- Utlysing – framifrå underviser eller undervisningsmiljø – FUND
- LES100 og fordeling av studieprogram hausten 2025
- Handlingsplan for etter- og videreutdanning ved Humanistisk fakultet

### III Vedtakssaker

2025-08 Rekneskapsrapport etter 1. tertial

**Postadresse**  
Universitetet i Bergen  
Institutt for filosofi og  
førstesemesterstudium  
Postboks 7800  
N-5020 BERGEN

**E-post:**  
post@uib.no

**Organisasjonsnummer**  
874 789 542

**Saksbehandlar**  
Steinar Thunestvedt  
Telefon: 55582384  
Mobil:  
E-post: Steinar.Thunestvedt@uib.no

Steinar Bøyum  
Instituttleiar

Steinar Thunestvedt  
administrasjonssjef

Kopi  
Sindre Söderstrøm

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Instituttrådet

Dato  
29.04.2025

Referanse  
2025/5186

## **II Orienteringssaker**

Vedlagt finn ein orienteringssaker til instituttrådsmøtet 8. mai 2025.

Steinar Thunestvedt  
administrasjonssjef

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier  
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap  
Senter for kvinne- og kjønnsforskning  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier  
Institutt for framandspråk

Dato  
02.05.2025

Referanse  
2022/8830

## LES100 og fordeling av studieprogram hausten 2025

Eitt av tiltaka i Studieporteføljeprosjektet er å etablere eit nytt innføringsemne i første semester. Det nye emnet har fått namnet *Les og skriv* (LES100). *Les og skriv* har første undervisningssemester hausten 2025, og vil erstatte dagens EXFAC00AS - *Akademisk skriving* frå hausten av. EXFAC00SK – *Språkkunnskap* vil gå hausten 2025, som ei overgangsordning for studieprogram der dette emnet er tilrådd.

Hausten 2025 vil undervisningspersonell på LES100 kome frå Institutt for filosofi og førstesemesterstudium. Sluttrapporten frå arbeidsgruppa kjem med ei klar tilråding at LES100 må koplast til faga studenten skal studere i programmet, òg gjennom bruk av undervisningsressursar. Dette vil vere aktuelt frå hausten 2026. Det vil bli lagt fram ei sak for fakultetsstyret knytt til undervisningspersonell på LES100 på møtet 17. juni 2025.

### Fordeling av studieprogram på LES100 og EXFAC00SK hausten 2025

Sjå tabell for oversikt over fordeling av studieprogram på LES100 og EXFAC00SK hausten 2025. Denne fordelinga er basert på tilrådingane gjort i studieplanane til studieprogramma. Studieprogram som tydeleg tilrår Akademisk skriving vil tilrår LES100 hausten 2025. Studieprogram som tydeleg tilrår Språkkunnskap held på denne tilrådinga for hausten 2025.

| LES100 – Les og skriv | EXFAC00SK – Språkkunnskap           | Inga tilråding                 |
|-----------------------|-------------------------------------|--------------------------------|
| Arabisk               | Engelsk                             | Litteraturvitenskap            |
| Historie              | Fransk                              | Arkeologi                      |
| Kunsthistorie         | Italiensk                           | Digital kultur                 |
| Kulturvitenskap       | Japansk                             | Filosofi                       |
| Språkvitenskap*       | Kinesisk                            | Kjønn, seksualitet og mangfold |
| Teatervitenskap       | Klassisk filologi                   | Nordisk språk og litteratur    |
|                       | Norrøn filologi                     | Religionsvitenskap             |
|                       | Norsk som andrespråk                |                                |
|                       | Russisk                             |                                |
|                       | Spansk språk og latinamerikastudium |                                |
|                       | Språkvitenskap*                     |                                |
|                       | Tysk                                |                                |

\* Studentar på bachelorprogrammet i språkvitenskap tar både LES100 og EXFAC00SK hausten 2025

### Tilbakemelding frå studieprogram utan tilråding

Fleire av våre studieprogram har inga tydeleg tilråding knytt til innføringsemne i første semester. Det er då opp til studenten sjølv å velje om dei vil ta LES100 eller EXFAC00SK. Dette valet får studenten gjennom opptaksbrevet sitt til UiB, og svarer på eit spørjeskjema i slutten av juli om kva emne dei vil ta.

For studieprogram utan tilråding, kan programstyret tilrå eitt (1) emne for studentane sine hausten 2025, heller enn å la studenten velje sjølv. Fakultetet vil i så fall gjere dei nødvendige endringane i studieplanen. Vi ber om tilbakemelding på om desse programma vil tilrå eitt av innføringsemna LES100 eller EXFAC00SK i e-post til [studiesaker.hf@uib.no](mailto:studiesaker.hf@uib.no) innan 16. mai 2025.

Med venleg helsing

Svein Ivar Angell  
visedekan for utdanning

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen underskrifter.

Senter for vitenskapsteori  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier  
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap  
Institutt for fremmedspråk  
Senter for kvinne- og kjønnsforskning  
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Dato  
28.04.2025

Referanse  
2018/1112

## Utlysing - framifrå undervisar eller undervisningsmiljø (FUND)

Det humanistiske fakultet lyser i år ut FUND-ordninga for femte gang.

Ordninga vert lyst ut kvart andre år, og FUND-status kan bli tildelt undervisarar eller undervisningsmiljø som:

- har utmerka seg ved særleg systematisk, langsiktig og målretta arbeid for utdanningskvalitet.
- bidrar til å utvikle ein samarbeidsorientert utdanningskultur.

FUND-status inneber ei økonomisk tildeling, og den/dei som får statusen vil bli ein ressurs i utviklinga av fakultetet sin utdanningskvalitet.

### Frist og søknadsprosess

Fristen for å søkje status som framifrå undervisar eller undervisningsmiljø ved HF er **16. juni 2025**.

Krav til søknad, kriterium for tildeling, informasjon om kven som kan søkje og korleis bedømming og tildeling vert gjort, er lagt ut på ei eiga [nettside om ordninga](#).

Vi gjer merksame på ei presisering i årets utlysing: planane for korleis ein FUND-status skal brukast må understøtte strategiske prosessar ved fakultetet knytt til implementeringa av Studieporteføljeprojektet eller vidareutvikling av lektorutdanninga.

Med venleg helsing  
Svein Ivar Angell  
visedekan for utdanning

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen underskrifter.

# Handlingsplan for etter- og vidareutdanning ved Det humanistiske fakultetet

## a. Innramming av og prinsipp for etter- og vidareutdanning ved Det humanistiske fakultet

Det er eit sentralt mål at EVU-verksemnda ved HF skal vera ein integrert del av fakultetet sin fagportefølje, kultur og identitet. Dette gjeld konkret for dei institutta som i dag har EVU-tilbod: LLE, IF og AHKR. På sikt kan det òg verta aktuelt for andre einingar ved fakultetet.

Undervisninga i EVU-tilboda skal som hovudregel skjøttast av heile fagmiljøet i fakultetet sin faste undervisningstab. Dette må liggja til grunn for rekruttering av nyttilsette der det er aktuelt, noko som òg er forankra i fakultetet sin rekrutteringsstrategi. Denne seier at rekruttering av nye tilsette normalt skal dekkje breidda i studietilbodet (S 20/25). Konkret inneber dette at einingane berre i unnatakstilfelle kan ta på seg lønsplikter utover bemanningsplanen for å drifta EVU-tilbod. Normalen må vera at stillingar utanom bemanningsplanen innan EVU-tilbod må ha finansiering gjennom studieavgift, kontraktar eller øyremerkte tildelingar. I dei tilfelle der strategiske grunnar tilseier at stillingar utanom bemanningsplanen er påkravd, må ein så langt som råd tilsetja undervisarar i toarstillingar.

Følgjande tredeling gjev rammer for EVU-satsingane ved HF i dag, og vil i stor grad vera retningsgjevande for EVU-satsingane i framtida. Innanfor dei ulike kategoriane vil det variera korleis EVU-satsingane er finansierte og kven målgruppa er.

### 1. Vidareutdanning for opplæringssektoren

Tilbod som svarar på behov for vidareutdanning av lærarar, og som i stor grad er finansierte over offentlege løyvingar (som tidlegare Kompetanse for kvalitet), øyremerkte tildelingar, studieavgift og/eller resultatmidlar frå studiepoeng.

### 2. Fleksible utdanningstilbod

Tilbod som i stor grad er opne, gratis nettstudium og delfinansiert av resultatmidlar frå studiepoeng.

### 3. Oppdrags- og andre vidareutdanningstilbod

Tilbod finansierte av eksterne oppdragsgjevarar.

**Kategori 1**, tilbod retta mot skulesektoren, er ein stor del av EVU-verksemnda ved HF, og vil òg vera det i framtida. Det er eit overordna mål at HF skal vera eit naturleg førsteval for lærarar som ønskjer seg vidareutdanning.

Her er det ei utfordring at tilskotsordningane er under omlegging, og at etterspurnaden frå skuleeigarar er i endring. På dette feltet konkurrerer òg UiB med mange andre høgare utdanningsinstitusjonar. Difor må fakultetet inngå i eit enda tettare strategisk samarbeid med Lektorsenteret og UiB Videre, sidan det er desse instansane som har i oppgåve å representera UiB i partnerskapa med oppdragsgjevarane. Dette må òg sjåast i samband med fakultetet si stilling som lektorutdanningsfakultet i brei forstand, og innsatsen som vi yter innanfor etterutdanningssatsingar som «Lærernes dag», samt andre satsingar som DEKOMP.

Langsiktig finansierte EVU-tilbod retta mot skulesektoren kan gje argument for faste tilsetjingar etter ei samla vurdering knytt til kriteria i fagleg bemanningsplan.

**Kategori 2**, fleksible utdanningstilbod, dreier seg i stor grad om digitale studietilbod som gjerne speglar kampustilbodet i studieprogramma på HF. Dette er i dag stort sett snakk om gratistilbod der undervisningsressursane er finansierte av driftsbudsjettet på einingane. Desse tilboda gir studiepoeng og dermed resultatmidlar til fakultetsnivået to år etter at studentane tar eksamen. Dette er ein utdanningstype i stor vekst. Risikoen knytt til slike tilbod er at etterspurnaden – og med dette inntektsgrunnlaget – er ustabil. Ein må difor vurderer nettobidraget for denne typen tilbod i høve til dei grunnløyvingsfinansierte studieplassane – og resultatmidlane som desse gjev – ved dei aktuelle studieprogramma.

Hovudprinsippa må vera at slike tilbod vert kombinerte med det ordinære studietilbodet og vert skjøtta av den fast tilsette staben. I tilfelle der eit lønnsamt EVU-tilbod kjem i konflikt med drifta av ordinære programtilbod med få studentar, må det vurderast om det kan gjerast tilpassingar i programtilbodet, t.d. ved å frysa opptak, ikkje tilby emne eller samordne EVU-tilbodet og det ordinære programtilbodet.

EVU-gratistilbod gjev som hovudregel ikkje grunnlag for faste tilsetjingar, men produksjon av studiepoeng inngår som ein viktig del av dei samla vurderingane av fagmiljø knytt til kriteria i fagleg bemanningsplan.

**Kategori 3** er oppdragsbaserte EVU-tilbod. På HF er det nokre få slike tilbod, og det kan vera potensiale for fleire. Men her òg er risikoen stor. Etableringa av slike tilbod må difor, på same vis som for andre EVU-tilbod, vurderast opp mot den samla studieporteføljen ved fakultetet. På same vis må slike satsingar utarbeidast i tett dialog og samarbeid med relevante instansar internt på UiB.

Langsiktige oppdragsbaserte EVU-tilbod kan gje argument for faste tilsetjingar, men må sjåast i samanheng med dei samla vurderingane av fagmiljø knytt til kriteria i fagleg bemanningsplan.

For å oppnå økonomisk berekraft må inntektsstraumane aukast gjennom studentbetaling, lønsame kontraktar eller resultatmidlar. Kostnadane knytt til tilboda består i stor grad av undervisningsutgifter, men òg t.d. studieadministrasjon og indirekte kostnader. Nye inntektskjelder frå vidareutdanning bør så langt som mogeleg bidra til å sikra dei forpliktingane fakultetet allereie har, utan å ta på seg nye. Tilbod som baserer seg på resultatmidlar som einaste inntektskjelde, bør ha hovuddelen av utgiftene knytt til dei ordinære kostnadspostane i fakultetsbudsjettet, til dømes faste stillingar i bemanningsplanen.

HF sin relative del av det samla EVU-tilbodet ved UiB har gått tilbake dei siste åra. Det er potensiale både for fleire satsingar og for å styrkja rekrutteringa ved dei tilboda som finst. I denne samanhengen må det påpeikast at fakultetet har brukt mykje ressursar på studentrekruttering dei siste åra, i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga på UiB. Profileringsarbeidet har berre i liten grad omfatta EVU-tilbodet ved fakultetet.



EVU-tilbod ved fakultetet skal inngå i ein heilskapleg studieportefølje med felles rammeverk og krav til studiekvalitet. Det må etablerast klare rutinar for å inkludera EVU-tilbodet i kvalitets- og utviklingsarbeidet ved institutta og sikra at EVU-tilbodet ved fakultetet held høg kvalitet og inngår i ein berekraftig, robust og strategisk heilskap.

EVU-tilboda ved HF skal ha ei tydeleg innramming. Det systematiske arbeidet med EVU bør forankrast organisatorisk i Studiestyret gjennom ei årleg EVU-melding som kan danne grunnlag for kommunikasjonen med UiB Videre og Lektorsenteret om utviklinga av EVU-porteføljen. I tillegg er det behov for eit EVU-forum for fagleg og administrative tilsette på tvers av einingane ved fakultetet, der ein kan dele erfaringar om utvikling og drift av EVU-tilbodet.

Likeins må det etablerast faste rutinar for å vurdere EVU-tilbod som skal opprettast ved fakultetet, som òg er forankra i rutineane ved UiB (jf. <https://www.uib.no/foransatte/97918/etter-og-videreutdanning>).

#### **b. Tiltakspunkt i utviklinga av EVU-tilbodet ved HF**

**Tiltak:** Jamlege møtepunkt mellom fakultets- og instituttleiing og UiB Videre og Lektorsenteret.

**Ansvarleg:** Fakultetet

**Tiltak:** Utarbeida systematisk oversikt over EVU-tilbod som finst i porteføljen per i dag og vurdere kvart enkelt av desse opp mot drifta i ordinære campustilbod der dette er i konflikt, og etablera overordna prinsipp for korleis slike tilbod best kan tilpassast det ordinære studietilbodet ved fakultetet.

**Ansvarleg:** Institutt og fakultet

**Tiltak:** Etablerer kriterium/modellar for å vurdere og synleggjera ressursbruken og lønsemda i EVU-tilbod (inkludert gratisemne).

**Ansvarleg:** Fakultetet

**Tiltak:** Identifisera nye, betalingsvillige studentgrupper for etter- og vidareutdanning.

**Ansvarleg:** Fakultet og institutt i samarbeid med UiB Videre og Lektorsenteret

**Tiltak:** Profilerer EVU-tilbodet ved fakultetet betre.

**Ansvarleg:** Fakultetet i samarbeid med UiB Videre og Kommunikasjonsavdelinga

**Tiltak:** Etablerer faste rutinar for å evaluere studiekvaliteten i fakultetet sine EVU-tilbod.

**Ansvarleg:** Fakultetet

**Tiltak:** Etablerer eit EVU-forum for utveksling av erfaringar kring etablering, drift og administrasjon av EVU-tilbod.

**Ansvarleg:** Fakultetet

**Tiltak:** Halda oppe aktiviteten i etterutdanningstilbod som «Lærernes dag».

**Ansvarleg:** Fakultetet og institutta

**c. Prosedyre for oppretting av EVU-tilbod ved HF**

| Trinn | Prosess                                                                 | Innhald                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Eining                                                                  |
|-------|-------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------|
| 1     | <b>Innleiande strategisk og økonomisk vurdering</b>                     | Er det foreslåtte tilbodet i tråd med fakultetet sin EVU-strategi? Er det økonomiske tilhøve som ein må gjere særskilt greie for før oppretting?                                                                                                                                                                                            | Institutt og fakultet (studie- og økonomiseksjonen)                     |
| 2     | a) <b>Vurdere fagleg grunnlag og klargjere innhaldet i EVU-tilbodet</b> | Vurdering av fagleg kompetanse og interesse i fagmiljøet<br><br>Kartleggje og avklare bestillinga (omfang, form, dimensjonering)                                                                                                                                                                                                            | Institutt<br>- med støtte frå UiB vidare og Læringslaben                |
|       | b) <b>Kartlegge ressursbehov</b>                                        | Vurdering og berekning av ressursbehov og -tilgong (ressursbudsjett)                                                                                                                                                                                                                                                                        | Institutt<br>- med støtte fra økonomiseksjonen ved fakultetet           |
|       | c) <b>Forankring på instituttet</b>                                     | Budsjett disponerande myndigheit godkjenner grunnlaget for utvikling av eit EVU-tilbod                                                                                                                                                                                                                                                      | Instituttleiar                                                          |
|       | d) <b>Utarbeiding av tilbodet</b>                                       | Programstyret utarbeider dokumentasjon (søknad med relevante vedlegg*)<br><br>Instituttet sender søknad om oppretting av EVU-tilbod til fakultetet                                                                                                                                                                                          | Institutt/<br>Programstyre<br>- i samråd med UiB vidare og Læringslaben |
| 3     | <b>Behandling av søknad og vedtak</b>                                   | Same prosedyre som ved oppretting av ordinære studietilbod                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Fakultetet                                                              |
|       |                                                                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                                                         |
|       | <b>* Innhald i søknad</b>                                               | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bakgrunn for studietilbodet</li> <li>2. Instituttet sine vurderingar av økonomi og ressursar</li> <li>3. Plan for studiet (emneplan i gjeldande mal)</li> <li>4. Omtale av det (nett-)pedagogiske utviklingsarbeidet</li> <li>5. Plan for evaluering og løpande studie kvalitetsarbeid</li> </ol> |                                                                         |

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Instituttrådet

Dato  
05.05.2025

Referanse  
2025/5186

### **III 2025-08 Rekneskapsrapport for 1. tertial 2025**

#### **Dokument:**

- Økonomirapport for FoF – pr. april 2025

#### **Saksforelegg:**

Rekneskapsrapporten for 1. tertial viser at den økonomiske tilstanden etter dei første månadene er om lag som instituttbudsjettet tilseier.

Den største bekymringa er ikkje uventa knytt til *uspesifisert annuum*. Her er budsjettet lågare enn på mange år, og vi har i realiteten allereie brukt godt over halvparten (når vi tar omsyn til nokre korreksjonar) av budsjettet for desse midlane. I tida som kjem blir det viktig å treffe tiltak for at desse postane er under så god kontroll som mogeleg.

På Examen philosophicum ligg vi pr. april nokså eksakt på prognosen som ligg til grunn for økonomistyringa, trass i at etterbetalinga av tariffoppgjeret i fjor blei noko større enn det det var avsett midlar til. Budsjettet tilseier at vi ved utgangen av 2025 skal ha eit akkumulert underskott på noko i overkant av 2 millionar. Dette blir likevel noko vanskelegare å få til enn det vi trudde for nokre månadar sidan. Søkjartala som kom no i april tilseier nemleg at vi må kutte til saman 3 kurs på HF- og SV-fakultetet, med ca. 500 000 i forventet inntektstap.

Vedlagt finn ein meir detaljert rekneskapsrapport etter 1. tertial. Merk at rapporten denne gongen kan synast meir uoversiktleg enn vanleg. Det skuldast i hovudsak at vi endå ikkje har rekneskapsført Exphil-lærarane sin undervisningsinnsats på filosofistudiene i vårsemesteret, og at fakulteta ikkje har blitt fakturert for kursa dei har hatt dette semesteret.

**Forslag til vedtak:**

*Instituttrådet tar rekneskapsrapport for 1. tertial 2025 til orientering*

Steinar Thunestvedt  
Administrasjonssjef

## Økonomirapport for FOF – pr. april 2025

Rapporten presenterer regnskap pr. april, men regnskapet for april er ikke endelig avsluttet før 12 mai. Det forventes ikke vesentlige endringer i rapporterte tall, men det må tas et forbehold om at det kan komme endringer i det endelige regnskapet for april.

### 1. Status instituttet totalt

Instituttøkonomien består av grunnbevilgning (GB) og eksterntfinansierte prosjekter (BOA). Grunnbevilgningen (GB) består av grunnbevilgning annuum (GA), dvs. instituttets «frie midler» (som instituttet selv avgjør bruken av) og grunnbevilgningsprosjekter (GP), dvs. øremerkede midler. Det overordnede bildet for instituttets inntekter og kostnader pr. april 2025 vises i tabell 1 under.

Tabell 1 Status instituttet totalt (bare inntekter og kostnader)

Tall i 1000 kroner


|            | Årsbudsjett | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i % |
|------------|-------------|----------------------|----------------------|------------------|
| Inntekter  | -2 339      | -1 518               | -1 530               | 0,9%             |
| Kostnader  | 4 049       | 12 925               | 12 713               | 1,6%             |
| Sum totalt | 1 710       | 11 408               | 11 183               | 2,0%             |

Årsbudsjettet for inntekter består av BOA-inntekter på 1,61 mill. kr og GB-inntekter på 0,729 mill. kr. Regnskapsførte inntekter totalt for BOA og GB er marginalt over budsjett pr. april.

Årsbudsjettet for kostnader er totalt på 4,049 mill. kr. Kostnadsbudsjettet på BOA er på 1,61 mill. kr, det samme som inntektene. Når det bokføres en godkjent kostnad på et BOA-prosjekt, blir det samtidig opptjent en tilsvarende inntekt som kan faktureres. Kostnadsbudsjettet er 2,439 mill. kr på GB. Kostnadsbudsjettet er i praksis langt høyere, men blir kamuflert ved at interninntektene fra andre fakultet for Exphil blir budsjettet under interne transaksjoner på GB<sup>1</sup>. I tillegg minnes det om at lønnskostnadene for faste ansatte i stor grad er på fakultetets budsjett. Regnskapsførte kostnader totalt for BOA og GB er pr. april 0,212 mill. kr lavere enn budsjettet.

Figur 1 Utvikling kostnader totalt

Tall i 1000 kroner



<sup>1</sup> Interne transaksjoner er UiB-interne inntekter og kostnader og består blant annet av kursinntekter fra fakultetene for ex.phil-undervisning, og såkalt nettobidrag fra BOA-virksomheten til å dekke lønn og indirekte kostnader fra grunnbevilgningen knyttet til eksterntfinansierte prosjekter, men også UiB- og fakultetsinterne kostnader pr BOA-årsverk, for fellesbidrag, husleie og administrasjon.

Utvikling i kostnader totalt på instituttet (GB + BOA) pr. april 2025 sammenlignes mot tilsvarende periode i 2021-2024 i figur 1. Det vil være en variasjon i kostnadene ved instituttet fra år til år, for eksempel som følge av antall BOA prosjekter og antall kurs på Exphil.

## 2. Status grunnbevilgningen (GB)

### 2.1 Status i forhold til budsjett

Tabell 2 Status grunnbevilgningen (GB) (NB! Konto 8901 er filtrert bort)

Tall i 1000 kroner

|                       | Årsbudsjett  | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i % |
|-----------------------|--------------|----------------------|----------------------|------------------|
| Inntekter             | -729         | -546                 | -623                 | 14,1%            |
| Kostnader             | 2 439        | 11 954               | 11 696               | 2,2%             |
| <b>Sum</b>            | <b>1 710</b> | <b>11 408</b>        | <b>11 073</b>        | <b>2,9%</b>      |
| Overføring fra i fjor | 2 051        | 2 051                | 2 050                | 0,0%             |
| <b>Sum</b>            | <b>2 051</b> | <b>2 051</b>         | <b>2 050</b>         | <b>0,0%</b>      |
| <b>Sum totalt</b>     | <b>3 761</b> | <b>13 459</b>        | <b>13 123</b>        | <b>2,5%</b>      |

Inntektene på grunnbevilgningen (GA+GP) er pr. april 77 000 kr høyere enn budsjett, mens kostnadene ble 0,258 mill. kr lavere enn budsjettet.

Overføring fra i fjor består av et akkumulert underskudd pr 31.12.2024 på Exphil på 3,853 mill. kr og ubrukte midler på diverse grunnbevilgningsprosjekt med samlet overføring til 2025 på 1,802 mill. kr.

Figur 2 Kostnader grunnbevilgning (GB)

Tall i 1000 kroner



Figur 2 viser at det er lite avvik mellom regnskap og budsjett pr. april, spesielt på GA. Årsaken til en tilsynelatende stor avstand mellom regnskap og årsbudsjett er at øvrige fakultet ikke er blitt internfakturert for kurs på Exphil ennå.

## 2.2 Grunnbevilgning annuum (GA)

Tabell 3 Status annuum (GA) (NB! Konto 8901 er filtrert bort)

Tall i 1000 kroner

|            |                         | Årsbudsjett | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i % |
|------------|-------------------------|-------------|----------------------|----------------------|------------------|
| Inntekter  | Salgs- og driftsinntekt | -242        | -59                  | -136                 | 130,3%           |
|            | Sum                     | -242        | -59                  | -136                 | 130,3%           |
| Kostnader  | Lønnskostnad            | 27 593      | 9 559                | 9 877                | -3,3%            |
|            | Annen driftskostnad     | 1 118       | 318                  | 409                  | -28,6%           |
|            | Interne transaksjoner   | -28 560     | 996                  | 809                  | 18,9%            |
|            | Sum                     | 150         | 10 873               | 11 095               | -2,0%            |
| Sum        |                         | -92         | 10 814               | 10 959               | -1,3%            |
| Resultat   | Overføring fra i fjor   | 3 853       | 3 853                | 3 853                | 0,0%             |
|            | Sum                     | 3 853       | 3 853                | 3 853                | 0,0%             |
| Sum        |                         | 3 853       | 3 853                | 3 853                | 0,0%             |
| Sum totalt |                         | 3 761       | 14 667               | 14 811               | -1,0%            |

Annuumsmidler tildeles som en årlig kostnadsramme fra fakultetet, med unntak av budsjettet for Exphil, som finansieres av de ulike fakultetene ved UiB, med grunnlag i hvor mange kursenheter de kjøper per år.

Tabell 3 over viser status for Grunnbevilgning annuum inkludert Exphil. Økonomien knyttet til Exphil er en svært vesentlig del av GA ved FOF hvor akkumulert saldo overføres til neste år, uavhengig av resten av GA. Vi ser derfor nærmere på Grunnbevilgning annuum (GA) og Exphil hver for seg i avsnittene under med egne tabeller.

### Grunnbevilgning annuum uten Exphil

Tabell 3 Status annuum (GA) (NB! Konto 8901 er filtrert bort)

Tall i 1000 kroner

|            |                         | Årsbudsjett | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i % |
|------------|-------------------------|-------------|----------------------|----------------------|------------------|
| Inntekter  | Salgs- og driftsinntekt | -206        | -59                  | -136                 | 130,3%           |
|            | Sum                     | -206        | -59                  | -136                 | 130,3%           |
| Kostnader  | Lønnskostnad            | 494         | 89                   | 184                  | -106,4%          |
|            | Annen driftskostnad     | 1 118       | 318                  | 409                  | -28,6%           |
|            | Interne transaksjoner   | 355         | -574                 | -570                 | -0,6%            |
|            | Sum                     | 1 967       | -167                 | 22                   | -113,3%          |
| Sum        |                         | 1 761       | -226                 | -114                 | -49,6%           |
| Sum totalt |                         | 1 761       | -226                 | -114                 | -49,6%           |

Grunnbevilgning Annuum (uten Exphil) består i hovedtrekk av følgende:

- Instituttet får en kostnadsramme fra fakultetet som oppdateres gjennom året med eventuelle nye tildelinger. Kostnadsrammen består blant annet av resultatmidler, vikarmidler, diverse særbevilgninger og overføringer fra 2024. Kostnadsrammen pr. april 2025 er på 1,761 mill. kr, hvor ca. 0,6 mill. kr er overføring av restmidler fra kostnadsrammen i 2024.

- Kostnadsrammen fra fakultetet er i utgangspunktet ikke nok til å dekke instituttets kostnader. Instituttet får viktige inntekter fra BOA-prosjekter gjennom frikjøp og overhead/TDI som er viktig for handlingsrommet til instituttet. I 2025 er inntektene til instituttet fra BOA redusert kraftig sammenlignet med de siste årene. I 2025 er det budsjettert med 0,534 mill. kr fra BOA, mens det i 2024 var budsjettert med 1,9 mill. kr. Korrigert for indirekte kostnader (fellesbidrag), er budsjettert nettobidrag til instituttet fra BOA-prosjektene 0,27 mill. kr. Det er kun NFR AdCNA igjen av prosjekt i 2025 som genererer inntekt til instituttet. BOA-inntektene kommer inn i regnskapet under interne transaksjoner i tabell 3, og bidrar til å dekke instituttets kostnader til lønn, drift, osv.

Bunnlinjen i tabell 3 viser at det er bokført 0,114 mill. kr mer inntekter enn kostnader på GA pr. april. Inntektene kommer inn enten under Salgs- og driftsinntekt eller under Interne transaksjoner, og det er BOA-inntektene sammen med et driftstilskudd for 2025 på 0,4 mill. kr fra Exphil som er grunnen til høyere inntekter enn kostnader så langt i 2025. Det gjenstår dermed 1,875 mill. kr av kostnadsrammen til instituttet pr. april. Det er 0,112 mill. kr lavere enn budsjettert pr. april, da inntektene er 77 000 kr høyere enn budsjett, mens kostnadene er totalt 0,189 mill. kr høyere enn budsjett. På samme tidspunkt i 2024 var det ca. 2,3 mill. kr igjen av kostnadsrammen.

De neste avsnittene er en kort gjennomgang av inntekts- og kostnadspostene i tabell 3.

Inntektsavviket gjelder ekstra innbetalinger til en konferanse i forbindelse med et eksterntfinansiert prosjekt.

Det er et negativt avvik på 95 000 kr på lønnskostnadene, som gjelder budsjett-tekniske periodiseringsavvik. Avvik vil rettes når budsjett oppdateres til neste rapport.

Det er brukt 91 000 kr over budsjett på driftskostnader. På instituttets uspesifiserte annuum (drift) er det brukt ca. 0,51 mill. kr av årsbudsjettet på 0,7 mill. kr (korrigert for driftstilskuddet på 0,4 mill. kr fra Exphil). Det er sannsynlig at det blir overforbruk på uspesifisert annuum i 2025. På øvrige driftsrelaterte avsetninger er det lavt forbruk pr. april, men erfaringsmessig øker bruken av driftsmidler i 2. halvår.

På interne transaksjoner er det et marginalt avvik mot budsjett da inntektene fra BOA er som budsjettert pr. april.

Oppsummert så gjenstår det 1,875 mill. kr av kostnadsrammen for 2025 pr. april. Det er i utgangspunktet en fastsatt grense for overføring på 5 % av kostnadsrammen til neste år (for 2025 pr. april: 88 050 kr), mens ved overforbruk overføres alt. Fra 2024 til 2025 fikk enhetene overføre alle restmidler på GA som et virkemiddel for enhetene til å redusere kostnader. Det er nylig bestemt av fakultetsledelsen at virkemiddelet fortsetter i 2025, men da med en grense på 50 % av kostnadsrammen (pr. april 880 500 kr).

Økonomien til fakultetet er under press og resultatmidler som fordeles til enhetene er redusert kraftig i 2025. I tillegg er inntektene til instituttet fra BOA kraftig redusert i 2025. Prognosen for



2026 er at inntektene reduseres ytterligere, spesielt hvis instituttet ikke får tilslag på nye BOA-prosjekt som genererer inntekter til instituttet. Kostnadene må i så fall reduseres betydelig i 2026. Pr. april er det planlagt for at instituttet bruker kostnadsrammen for 2025. Det er sannsynlig at det blir overforbruk på instituttets uspesifiserte annuum, men det kan balanseres med ubrukte midler på øvrige avsetninger. Det er veldig viktig at instituttet ikke får et overforbruk som reduserer kostnadsrammen ytterligere i 2026.

## Examen philosophicum

Tabell 3 Status annuum (GA) (NB! Konto 8901 er filtrert bort)  
Tall i 1000 kroner

|            |                         | Årsbudsjett | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i % |
|------------|-------------------------|-------------|----------------------|----------------------|------------------|
| Inntekter  | Salgs- og driftsinntekt | -36         |                      |                      |                  |
|            | Sum                     | -36         |                      |                      |                  |
| Kostnader  | Lønnskostnad            | 27 099      | 9 470                | 9 694                | -2,4%            |
|            | Interne transaksjoner   | -28 916     | 1 570                | 1 379                | 12,2%            |
|            | Sum                     | -1 817      | 11 040               | 11 072               | -0,3%            |
| Sum        |                         | -1 853      | 11 040               | 11 072               | -0,3%            |
| Resultat   | Overføring fra i fjor   | 3 853       | 3 853                | 3 853                | 0,0%             |
|            | Sum                     | 3 853       | 3 853                | 3 853                | 0,0%             |
| Sum        |                         | 3 853       | 3 853                | 3 853                | 0,0%             |
| Sum totalt |                         | 2 000       | 14 893               | 14 925               | -0,2%            |

For grunnbevilgningsprosjekter overføres over- eller underskudd i sin helhet til året etter. Denne praksisen har fakultetet holdt på også etter at Exphil ble omgjort til en del av GA etter innføringen av ny økonomimodell fra og med 2021.

Undervisning i Exphil blir skreddersydd til alle fakulteter ved UiB. Siden Exphil finansieres av alle fakultetene, basert på avholdte kurs, ønsker vi å vise denne delen av økonomien separat.

Underskuddet som har oppstått i de senere årene på Exphil skyldes omlegging av studieprogram ved flere av fakultetene der kursene ble flyttet til senere i studieløpet. Dette medførte færre kurs og lavere inntekter, mens de faste kostnadene fortsatte å løpe. Fra 2023 var aktiviteten tilbake med tilnærmet full kursportefølje. Akkumulert underskudd var på 3,853 mill. kr ved inngangen til 2025 (inkludert en avsetning på 0,4 mill. kr for lønnsoppgjøret for 2024). Det vil etter planen bli hentet inn igjen, ved at prisen er satt litt høyere enn kostnadene pr. kurs., noe som skal gi en gradvis nedbetaling av det akkumulerte underskuddet. For 2025 er det budsjettet med at underskuddet skal reduseres til 2 mill. kr.

Pr. april 2024 er det et marginalt avvik totalt for regnskapet mot budsjett på Exphil.

Lønnskostnadene er 0,224 mill. kr over budsjett, mens interne transaksjoner er 0,191 mill. kr lavere enn budsjettet.

Lønnsoppgjøret for 2024 ble utbetalt i mars 2025, hvor det var satt av 0,4 mill. kr. Kostnadene fra lønnsoppgjøret ble noe høyere, og det er hovedårsak til avvik på lønn pr. april. Det påpekes også at det er blitt etterbetalt ca. 0,1 mill. kr i 2025 for arbeid utført i 2024.

Avviket på interne transaksjoner er et periodiseringsavvik da det er mottatt interne inntekter for frikjøp tidligere enn budsjettet.

Oppsummert er det et marginalt avvik mot budsjett pr. april på Exphil. Akkumulert underskudd forventes å reduseres til ca. 2 mill. kr i løpet av 2025.

### 2.3 Grunnbevilgning prosjekt (GP)

Tabell 4 Status kostnader øremerkede prosjekter  
Tall i 1000 kroner

| Prosjekt/egenfin.                          | Årsbudsjett | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i % |
|--------------------------------------------|-------------|----------------------|----------------------|------------------|
| 100406 Likestillingsarbeid, HF             | 224         | 56                   | 4                    | 93,6%            |
| 100475 EU toppfinansiering/støtte, HF      | 94          | 34                   | 0                    | 98,8%            |
| 100520 Rekrutteringsstillinger, HF         | 487         | 166                  | 25                   | 84,7%            |
| 100560 Internasjonalisering, HF            | 189         | 130                  | 162                  | -23,9%           |
| 100589 Humaniorastrategien, HF             | 1 222       | 626                  | 334                  | 46,6%            |
| 102611 Vitenskapelig og teknisk utstyr, HF | 63          | 62                   | 76                   | -23,2%           |
| 104999 CHARM-EU Universitetsallianse, HF   | 10          | 7                    | 0                    | 100,0%           |
| Sum totalt                                 | 2 289       | 1 080                | 601                  | 44,4%            |

Grunnbevilgning prosjekt er øremerkede midler viderefordelt fra UiB sentralt. Denne typen midler er disponible i henhold til retningslinjer gitt i bevilgningen, med unntak av driftsmidler til stipendiater og postdoktorer, som er overførbare inntil budsjettåret etter ansettelsesperiodens utløp.

Tabell 4 viser kostnadsregnskapet for øremerkede midler på grunnbevilgningsprosjekter (GP). Totalt er det brukt 0,601 mill. kr mot budsjett pr. april på 1,08 mill. kr, det vil si et avvik på 0,479 mill. kr for grunnbevilgningsprosjektene totalt.

Avvik er i hovedsak budsjett-tekniske periodiseringsavvik, da kostnadene kommer senere enn opprinnelig budsjettet. Det gjelder for eksempel driftsmidlene til stipendiater og postdoktorer på rekrutteringsprosjektet, hvor forbruket reelt fordeles over flere år. Det er tilsvarende periodiseringsavvik på Humaniorastrategien hvor forbruket kommer senere i år enn opprinnelig budsjettet.

Restmidler på grunnbevilgningsprosjektene blir overført fra 2025 til 2026. Det gjenstår 0,224 mill. kr på likestillingsmidler hvor store deler har blitt overført over flere år og midlene bør brukes i 2025. Pr. april 2025 er det kjent at det vil bli et mindre overforbruk på Vitenskapelig og teknisk utstyr, som er tilknyttet WAB. Det er ikke vesentlig risiko for større overforbruk på øvrige grunnbevilgningsprosjekt pr. april.

### 3. Status bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 5 Status inntekter bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Tall i 1000 kroner

|            |                                           | Årsbudsjett | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i % |
|------------|-------------------------------------------|-------------|----------------------|----------------------|------------------|
| NFR        | NFR                                       | -1 500      | -936                 | -855                 | -8,7%            |
| Andre      | Andre bidragsyttere                       | 0           | 0                    | 0                    |                  |
|            | Gaver som utløser gaveforsterkningsmidler | -110        | -36                  | -55                  | 53,3%            |
|            | Organisasjoner og stiftelser              | 0           | 0                    | 2                    |                  |
| Sum totalt |                                           | -1 610      | -972                 | -907                 | -6,6%            |

Eksternfinansierte midler tildeles for en gitt prosjektperiode basert på finansieringskildens kriterier. Ubrukte midler som følge av utsatt aktivitet blir i stor grad overført til senere år i prosjektene.

Tabell 5 viser den eksternfinansierte virksomheten (BOA) og gir en oversikt over de ulike finansieringskildene ved instituttet. Årsbudsjettet for 2025 er satt til 1,61 mill. kr. Det er et årsbudsjett fastsatt basert på eksisterende BOA portefølje og forventninger om nye prosjekt. Det vil derfor være avvik på kategorier hvor det ikke er lagt inn budsjett, men det likevel har vært aktivitet i 2024. Oversikten viser et mindre avvik på 65 000 kr i lavere inntekter, hvor avviket i hovedsak er på NFR.

BOA-aktiviteten er 1,321 mill. kr lavere pr. april 2025 sammenlignet med tilsvarende periode i 2024, i hovedsak som følge av at flere større prosjekter er avsluttet det siste året.

Påvirkningen som BOA prosjektene har på instituttøkonomien er beskrevet under GA.

Figur 3 Inntekter bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tall i 1000 kroner



